

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnen: **2 Transport av høi**Fylke: **Buskerud**

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: **Uvdal**Emne: **Transpost av høi**Bygdelag: **Kyrkjebygda**Oppskr. av: **Anna Samuelsen**Gard: **Grøtjorden**(adresse): **Uvdal**G.nr. **61** Br.nr. **5**A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Mest eigen røinsle**B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Almindeleg maate aa transportere høi paa her i bygda.

SVAR

1.

2) Paamindre gardsbruk og husmannsplassa var det vanleg at dei mest maugele bar inn høiet. b) Det er minddre i bruk aa slaa i utmarke no ell' før. c) Paa større gardar slutta dei nok aa slaa i utmarke for ca. 30 aar sea.

d) Utmarksblaat helt sen lenger paa smaabruk ell' større.

e) De siste lo aara har bare noen faa blaat i utmarka.

f) Har ein mann ikkje hest sjøl b rukas mykje aa dra det heim paa skimeikjelke om vinteren, hvis han har ei løe aa ha dei i-i utmarka. Dei fleste faar laane hest av dei som har hest.

2.

a) Til utløa blir det tiast aa bære høiet i bører daa det som tiast paa slike steer er veglaust. Det er ikkje nesjehøi vanleg i utmarka, tørkeplass tar dei der de fyrst finner eit sollyst sted.

b) Ein bruker mest aa bære høiet. c) Somme bruker taug, men det mest vanlege er aa lage eit "risband", det er lettare aa bære i det ell' i taug. Eit risband lagas paa den maaten at ein tar eit tynt bjørke tre berre ca tri cm. i rota og lagar ei lykkje i toppen som rotenden blit tredd igjønom, naar dei har lagt i forbøle. Det kallas at dei bæra for i risband. d) Aa frakte høi paa sloe er mest uraad i utmarka her i Uvdal, det er for

steinute . Der ein kan bruke skumeikjelke ned dei bratte jorderne her i Uvdal kan ein lesse paa ganske store laas nesten $\frac{1}{2}$ hestelass . Ein skimeikjelke er her laga av eitpar ski reisten av kjelken - overstellet- likner ein almindeleg langslee, men altsamen smekrare, for ein maa bære kjelken opforbakken igjen . Ein maa lesse likt aaver heile skimeikjelken , det blir vanleg ~~høgste~~ paa mitten . ~~go~~ snøre ein lasse med taug.Naar ein har lagt ei høibør i risbande trer ein ein den grøvste enden an risbande inn i løkka som vende nedaave nedaaver el. rettere som vender mor den som skal bære børa, Ein staar bakafor børa og holler i løkka, mens den som skal bære børa drar den hart til. Den som staar bakenfor løfter børa op paa skulderen til høibæraren . Han legg tauget eller risbande paa høgre skuldre , og somme liker best aa holle det over hodet sitt, det er ettersom dei liker det .

Sjølsagt staar han som skal løfte paa børa bakenfor , skulde han staa frammafor ville han subbe bæraren overende. Barna vilde nok gjerne vera med paa høibæring dei og, og det var ikkje store karan før dei og maatte faa eit lite risband aa bæra i .Noko tereng der dei brukta aa ha høie i ein ein snaresekkaa rulle det utaaver, er ikkje so vanleg her, men jeng det an so bruke dei nok den maatin og , men noko navn paa slike sekker ha me ikkje.

Løipestreng ha me berre paa ei stelle i bygde , ei mils væg aavafør her . Den er fraa ei heimseter uppa eit bratt berg . Om sumaren sende dei mat (sætermat) neaaver den. Om vinteren ell' hausten frakte dei høie ned fraa setra paa samre maatin. Dei laga smaa høbbonta og heng dei paa ei trinse paa løipestrengen, so bær det fort utaaver den bratte aasen . Det er so kring ein 20 aar sea mannen den paa Røisgard fann paa detta.Trillebør til aa frakte høi paa brukas ikkje.Dei seinare aar har dei til høifrakting

laga noko av to ~~neke~~ mjuke stenga mad eitpar tverrtre
aaver der dei ska lesse fore- høiet-. ~~Ati~~ endin taa stengan
der dei kjem ~~etter~~ nepaa marka, har dei festa nokon gamle
skinebb, det bli likesom meia og detta ska være veldig lett
aa frakte for paa, det begynna aa avloise skimeikjelken
som er tyngre aa bæra upp forbakke, men dena reidskapen
er so ny, aat dei har ikkje noko navn paa'n endaa. Den
reidskapen er so lett aat baade ungar og vaksne kan bruke
den. Det er ein snekker Fritjof Undebakke som ha finnipa
detta. Dei kan nok legge paa minst eitpar bører paa den.

(Ja altsaa ikke paa Fritjoff)

3.

Alt høi frraa setra ell' utmark ver frakta heim om vintern
Daa maa dei enten bruke hest, ell' paa kortare strek-
ningar skimeikjelke.

4.

Kkøredoningen dei brukar i høionna før og stondo no,
var grindeslee paa tremeia, den jek lettaste i ljaastub-
ben . Dei seinare aar er det mykje bruka ein grindeslee
med nokon smaa korte meia paa sleadraaje og eitpar smaa
jul paa bakakselen paa slein, den reidskapen vert rekna
for lettare for hestan, so dei kan kjøre større lass.
I dei seinare aar brukar dei mykje 4 jul sleet, framjulan
er mindre ell bakjulan og de ~~ell~~ smaa framjulan og sjekan
er dreibare, so dei kan snu vogna innpaa laaven. No i aller
seinaste tid ha somme begjyndt med gummihjul-lufringar -
paa høisleen. Det vart ikkje brukar almindeleg arbeidsvogn
med hjul ell' meier, høivogna eller sleen var arbeid
mykje smekrare ell' ein alm. langslee. Grindan var før vid-
jer som var festa upp og ned i høigrinda, no brike dei
sometier staaltraad ⁱⁿⁿ i grindan ~~utanom~~ ramma som er av tre.
Lengda paa ein høislee ell' vogn var vanleg $2\frac{1}{2}$ m. lang og
80 cm. brei.

Det var ikkje so store mengder dei kjøirde i dessa smaa høislean paa tremeia som det brukte til for ein 20 aar sea ~~varme brukte dei engaa i høijarna~~. Ein 3-4 bører i eit lass. Etter høisleen ell' vogna vart meir lagleg kjøire dei no aaver skippunnet. Lasset skulle være likt tjukt for og bak paa sleeken, i mitten vart det høgaste. Det var ingen fast regel forhvor stort ell' lite det siste lasset skulde vera, det vart ettersom det høvde til. Alt høiet vart skrapa väl upp, so ingenting vart liggande att.

Aaver høilasset vart lagt "ei benderaa" i framstede grinde vart ~~benderaa~~ benderaae som hadde ein krok paa endin-
~~sett inn.~~ ~~I endin an benderaae var ein taum~~
~~sett inn. i bakerste grinde vart den festa med ein taum~~
~~festa i bakerste grinde,~~
som var ~~i enden paa benderaae.~~ Den vart kalla "benderaa" taumen. Bytdatog og gyrdatog veit eg ikkje haa de meiner med, det er ukjende navn. Noko bestemt forhold millom høistakken og lasset var det ikkje. Vinterlassan var i dei fleste høve større ell' summerslasse, det kom mykje ann paa lende dei kjøirde i. Det bli altid brukta berre ein hest for høilasset her. Summar som vinter.

(Litarsslaatt^{5.})

Ved fellesslaat kjøirde begge parta helst paa ein gong.

Høiet vart deilt i lass hvis dei brukta hest, ved ann frakting i bører. Det var saafort det vart sleeføre høiet vart kjøirt heim om vinteren. Bønda som hadde utslaatta (her gjeld det mest sæterslaat) ner einan samraaddes om kva tid dei skulde kjøire foret og brøite i fellesskap.

6.

Som før nemd forejek transporten av høi fraa utmarka om vinteren ved fellesarbei og fellesbrøiting. Dei kjøirde heimantil kl. 3 om ~~natt~~ natta med plistring og sogng heile dagen, sjøl om dei i heilstøvlan var mest tæla. Naar

dei kom framm var det fyrst aa sørje for at hestan fek
braa stell , so var det aa dra inn o koke kaffe o faa
tina upp at det stivtæla skotsie . Naar dei so hadde ~~et~~
kvild var det aa less lasse , je hestan meir , faa seg
meir kaffe,osso dra paa heimvægen att. Var det like onder
jul vart dagen stutt for dei, men humøret var i beste
laget heile dagen. Det var hardføre kara dei høikjøi-raran
Var det for laang væg, eller var dei redd for at føre
skulde bli fortongt ved snøfall ,hende det-at dei maatte
londe fore. Dei kjøirde det daa til ei heimsæter og
fek det inn i ei løe der og ~~hentaxxx~~ reiste so atende
Til alt fare var londa
til setra og kjøirde derifraa neste dag. I dei seinare
aar har alle nokon heimelaagaa høipressu , daa la dei
berre høibontan fraa seg ute mittvægas. Naar dei so hadde
"londa " alt fore vart det heimkjøird seinare.

Slutt.

3528

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING